



Abraham under konserten i Uskedal kyrkje.

Mange hugsar sikkert med glede tilbake til konsertar som gospelkoret Abraham frå Stavanger-området har halde her i distriktet. Dei song først ved ordineringa av soknepresten vår, Lina Håland. Like før jul var dei tilbake og hadde ein fantastisk konsert for ei fullsett Uskedal kyrkje.

Koret som vert leia av Bjarte Lending, utmerka seg mellom anna ved at det presenterte mange svært dugande solistar. No har to av desse hive seg på TV2 si nye storsatsing 'the stream'. De kan høyra Ann-Kristin og June si tolkning av [His eye is on the sparrow](#) ved å klikka inn her.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Arkivfoto: Randi Teigen Døssland